



Erlend Haugom  
Bastanesvegen 18  
5305 Florvåg

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Svar på spørsmål om ein treng dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden i sak om tilkopling til eksisterande røyrleidning for avløp

Viser til telefonsamtale i dag, den 22.09.2021, og oversending av dokument same dag. Spørsmålet gjeld om de kan kople dykk på ein eksisterande avløpsleidning til sjø, ein rett som de fekk tinglyst i februar 2020.

De presiserer at det ikkje er snakk om legging av ei ny leidning i Lurefjorden, men tilkopling til ein eksisterande. Det er allereie tre hytter som er tilkopa den same leidningen, og de er den fjerde hytta av maksimalt fem hytter. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for det marine verneområdet i Lurefjorden og Lindåsosane. Forvaltningsstyresmakta kan, etter søknad, gje dispensasjon til *legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar*. Sidan dette er ei eksisterande leidning de ønskjer å kople dykk til, vurderer vi ikkje tilkoplinga som søknadspliktig.

*Det marine verneområdet er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande (verneforskrifta § 3 c).*

Sidan Lurefjorden er ein dårleg resipient med lågt oksygeninnhald og lite vassutskifting er dette eit følsamt område. Vi legg vi til grunn at Alver kommune handsamar utsleppsløyyet, jf. forureiningslova § 12-8, og treng, jf. den informasjonen vi har i dag, ikkje å handsame saka som ein dispensasjon etter verneforskrifta. Vi forventar og at kommunen følgjer opp med regulære kontrollar av slike anlegg, og at utsleppspunktet ligg slik at det ikkje vert gjennomslag til overflata.

Sidan verneforskrifta i utgangspunktet har forbod mot utslepp av avløpsvatn, vil det vere avgjerande at det er høg grad av reinsing før det blir sleppt ut. Verneforskrifta sitt forbod mot utslepp av avløpsvatn har ikkje til føremål å hindre hytter og mindre einingar av einebustadar å ha vassklosett.



Det er også viktig at utsleppspunktet har så god vassutskifting det er mogeleg å få i ein dårleg resipient som Lurefjorden og Lindåsosane.

Vi vil gjerne ha kopi av vedtaket frå kommunen.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Maria Knagenhjelm  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG